



Rune Natås
Sævråsvegen 302
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1770 - 17/27354

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
26.09.2017

Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket gbnr 43/1 Natås.

Dokument:

Søknad om tilskot, kostnadsoverslag og kart. Søknaden er motteke i slutten av mai 2017.

Søknaden:

Det er søkt om tilskot til å sette opp gjerde og rydde nytt beite for sau. Søker skriv «Garden har for lite beiteareal til flokken med sau vi har i dag. Delar av arealet er inngjerda. Det er berre mot vest og sør det skal settast opp gjerde.»

Det er søkt om ein grind og 415 meter gjerde. Kostnadsoverslaget er på kr.107200,- og ein søker om kr.56300,- i tilskot.

Vurdering:

Arealet som skal gjerdast inne er for det meste myr, uproduktiv skogsmark, noko skogsmark av sær s høg bonitet.

Arealkvalitetane var dei same på økonomisk kart frå 1982. Arealane har såleis ikkje vore innmarksbeite.

I den nordvestre delen av området syner flyfoto at det er utvikla beite på eit område på om lag 8da. Dette arealet ligg inntil anna innmarksbeite.

Det kan vere grunnlag for å gje tilskot til å sette opp gjerde her. Lengda på gjerde målt på kartet vert 370m.

Godkjend kostnadsoverslag til å sette opp gjerde er kr.80,- pr.m. Dette er inkludert arbeid og materiell.

Ein kombinasjonsgrind kr. 2000,-.

Godkjend kostnad for 370 meter gjerde vert då kr.31600,-.

50% tilskot vert då kr.15800,-.

SMIL er tiltak knytt til kulturlandskapet og verdiane i dette landskapet. Rydding og gjerding i utmark som ikkje er prega av beiting eller anna jordbruksaktivitet, fell ikkje inn under retningslinene for tilskot.

Vedtak:

Søknaden er handsama etter § 8 i forskrifta og det er løyvd inntil kr 15800,- Dette beløpet utgjer eit eingongstilskot. Frist for gjennomføring av tiltaket vert sett til 1.november 2019.



Klagerett :

Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følge. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følge skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

Generelt om løyving av SMIL – midlar :

- Frist for gjennomføring er generelt 3 år viss ikkje det er sett ein spesifikk dato i vedtaket. Men det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfristen utifrå grunngjeving, seinast 1 månad før fristen går ut. Men ikkje utover 5 år frå tilskotet vart løyvd. Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Utbetaling av tilskot:

- Utbetaling av tilskot skjer etter skriftleg oppmoding frå søker (saldokort) og når tiltaket har fått godkjent sluttregneskapet. Det kan også gjerast delutbetaling på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttregneskap er godkjent.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved regneskap med timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpt materialer og gjerne fotodokumentasjon.
- **Til utbetaling vil konto 3640 11 10040 verta nytta. Søklar pliktar å informera skriftleg om endring av kontonummer.**

Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
- Førespurnad om delutbetaling eller sluttutbetaling skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein månad.

Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.
- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak. De vil i såfall verta varsla på førehand.

Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrifta

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Mottakrar:

Rune Natås

Sævråsvegen 302

5957

MYKING